

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Fylke Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gol

Emne: Folkemedisin

Bygdelag: Gol Øydgardane

Oppskr. av: Hallvard Svello
Lamberseterveien 5

Gard: Svello

(adresse): Nordstrandshøgda

G.nr. 38 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Folkemedisin

I. Husråd - Kjerringråd.

1. Innstillinga til sjukdom har skift mykje i manns minne. For 50 år sidan måtte det å vera sjuk ikkje spørjast mellom folk. Dei løynde bort alle sjukdomsmein so godt dei kunne. Dei heldt det på sett og vis for ei skam å verta sjuk. Det var vanleg i våre bygder den tid at om dei fekk ei smittsam sjuke til og med, måtte ikkje andre folk få vita om det. Alt slikt ser dei annleis på no. Synet på det å vera hardfør mot sjukdom er nok stort sett det same no som før.
2. For vel 50 år sidan visste folk i bygdene her lite om smitte. Dei visste at visse farangar som kopper, krimsjuke og ymse barnesjukdomar som difteri og kregda var smittsomme, men sjukdomar som ikkje går med farang hadde dei ikkje greie på førde smitte med seg. Dei visste soleis ikkje mykje om at t.d. tuberkolose var smittsom. Det er ikkje noko sagt om at dei brukte noko for å verja seg mot dei sjukdomar som dei visste var smittsomme.
3. I kvart hus her i bygda hadde dei noko medisiner liggjande til bruk om noko kom på. Mot brannsar hadde dei noko tremjøl som dei skrapa av ~~xxxix~~ under golvåsar i støbur og buer. Borken sat på desse golvåsane og under denne borken var det noko mjøl. Dette mjølet brukte dei ogso på same måten som dei no bruker talkum på småborn. For frostskaade hadde dei ingen medisin. Dei brukte alltid å gneka dei frostskaade lemene med snø. Mot influensa og krim hadde dei brennevin, mot kveiser og betente kular hadde dei bek. Dei brende bek på ein klut og stakk fullt av hol i kluten og la dette på betendelsen. Mot feber og vondt i hovudet fann dei isbitar og la på panne. I sår slo dei brennevin. Av urter laga dei låg som dei drakk som medisin mot indre verk, mageknip og andre innvortes sjukdomar. Ymse salver laga dei av feitt og ymse tilsetningar av blomar og gras. Slike salver brukte dei på sår og på beinbrot og andre skader.

Dei brukte mykje briskebar til å koke medisinsk låg av. Av urter brukte dei suresyre, gulblome (løvetann) krekling, harerug, sisselrot o.a. både til å koke låg av og til å koke samen smurning og salver av.

4. Eit lite lager av slike medisiner hadde dei so og seia i alle hus. På dei større gardane var dette lageret rikare enn i husmannshyttene sjølv-sagt. Men litt av dette hadde sjølv dei fatigaste.
5. Dei lånte gjerne bort av desse medisin når det trongst. Før det kom utlærde dokterar her i byg-dene, hende det at dei fekk låne eller kjøpe me-disin hjå presten.
6. Tjøre var det mest brukte av alle lakjeråder. Tjøre brukte dei mot alle slags sjukdomar og ska-der, både utvortes og innvortes. Dei drakk tjøre når dei hadde vondt innvendig, og dei smurde tjøre på alle tenkjelege stader der dei hadde vondt. Kvae brukte dei som trekkplaster på verk og ut-vekster.
7. Treak kokte dei av einebar og brukte mykje av det. Dei henta briskebæra om hausten og kokte dei ut til ein sterk låg og i denne lågen hadde dei suk-ker og sirup og kokte det saman til ein ost. Denne elta dei ut i runde stenger i passeleg lengde. Desse kalla dei skaft, treakskaft. Treaken sa dei var god mot bringeverk og halsesjuke, og dei meinte og at han var god mot mageknip o.a.
8. Dyvelsdrekk hadde dei og brukte som eit slags medisin på ein måte når dei ville få fram ein sterk tev eller fæl lukt. Det er ikkje sagt noko om at dei brukte dyvelsdrekken på folk, det var helst kreturmedisin. Dei strauk denne smørja på feet om sumaren, og det var for at udyra ikkje skulle søkja på buskapen. Den fæle teven heldt udyra burte. Det har ikkje vore råd å få tak i kva dyvelsdrekken vart laga av.
9. Det var kvinnfolka som samla inn dei stoffa som vart brukte til eller i medisin.
10. Medikamenta vart gøynde i flasker, i posar av tøy, i griseblærer, i små glas, og alt dette vart lagt inn i pelaren, pelarskåpet i stova eller det vart læst ned i skatol eller i kister. Bøvergjeld som var eit mykje bruka medisin mot mange slags verk og vondt vart oppbevart i ein pose som dei laga av pungen på grabekårane. Dei seier bøver-gjelden var laga av innhaldet i testiklane på beveren. No har det aldri vore bever i bygdene her, og denne medisinen måtte dei difor kjøpe utanfrå. I tingbøkene kan me lesa at bøvergjeld var mykje bruka i folkemedisinen her i bygdene alt i det 17. hundreåret.
11. Apotek vart det ikkje her i bygdene før langt ut i det 19. hundreåret, og heller ikkje etter at det kom apotek vart desse emna kjøpt der.

- 3
12. Ein høyrer ikkje noko om at dei kramkarane som gjekk her i bygdene hadde noko slags medisin til sals i skreppene sine.
 13. Nokon skrivne oppskrifter for medisin hadde dei ikkje. Tillaginga, og bruken vart overlevert fra mor til dotter og frå far til son.
 14. I 1730 åra fortalde ein bygdedokter ~~ved~~ⁱ eit vitneprov då han vart spurd kor han hadde lært lækjarkunsta si at han hadde ikkje lært nokon annan stad enn i ei "løgebog" som han hadde. Det kjem fram i samanhengen i saka at "løgebogen" hans var ei slik dei kalla svartebok. Nokon andre lækjebøker eller prenta skrifter hadde dei ikkje, utanom desse svartebøkene.

II. Bygdelækjarar.

16. Det kunne vera både menn og kvinner som dreiv lækjarverksemd.
17. Dei som dreiv dette var mest folk frå gamlegardane i bygda og frå gamle, kjende ætter.
18. Det er ikkje fortalt om nokon innflytjar som har vore bygdelækjar.
19. Dei me høyrer om tok til med denne verksemda i ganske ung alder.
20. Det er ikkje fortalt noko om at denne lækjarkunna var ættararv.
21. Dei seier no at lækjargivnaden hjå desse folka var medfødt, men det er ikkje fortalt noko om korleis desse evnene viste seg hjå barna.
22. Det er ikkje her i bygda nokon serleg tradisjon om at sjukdom eller ulukke skulle vera tildrev til lækjarverksemda.
23. Ingen hadde lækjing til yrke. Dei dreiv det berre som hjelpeverksemd for folk som trong det.
24. Dei tok nok eller fekk nok ikkje nokon betaling for det dei gjorde, sovidt folk veit av no.
25. Fast lækjar kom ikkje til Gol før ei tid etter 1900 og då var det ikkje noko slags samarbeid mellom dei og bygdedokterane.
26. Det var nok dei som hadde eitkvart vondt å seia om bygdelækjarane og.
27. Dei vart ikkje dregne for retten her i bygda.
28. Fell bort.

15905

- 4
29. Det høyrest ut til at dei fleste av bygdedoktarane brukte medisin som dei kokte ihop av planter.
 30. Urtene samle dei inn sjølve.
 31. Dei turka urtene og hadde dei liggjande i skåp eller kister til dei kokte dei saman.
 32. Ingen kjøpte urter på apotek, for det var ikkje noko apotek her i bygda før i aller siste tid.
 33. Medisinane blanda dei saman i flasker og tintax (ei tint~~x~~).
 34. Det er ikkje kjent at dei hadde oppskrifter å gå etter.
 35. Helsekjelder var det ikkje serleg mange av her. Det er fortalt at ei lækjarkone henta vatn i Pustekjelda, ei ypperleg oppkomekjelde. Ho hadde då svert lang veg etter dette vatnet, so ho måtte nok ha ei meining med at ho plent skulle ha dette vatnet, men korleis ho brukte det veit ikkje folk noko om.
 36. Om henne er det fortalt at ho gøynde på vatn frå Pustekjelda.
 37. Bygdedokterane gav ofte råd om å nytte brennevin mot sjukdomar, Det var då konjak dei sette mest lit til.
 38. Ein bygdedokter i Gol i tida før 1900 var serleg kjend som god til å stelle med sår og til å lækja andre skader.
 39. Om den same bygdedokter her er det fortalt at han hadde noko teknisk utstyr, knivar, syler, små tenger o.a.
 40. Korleis han hadde fått tak i det veit ingen.
 41. Det er ikkje fortalt om nokon som fann opp eller laga instrument til spesielt bruk.
 42. Dei dreiv mykje med årelating og kopping.
 43. Utstyret dei hadde til det var ein høggebit (ein) og ein køpp (ein). Køppen var ein kopp som hadde ein open tut i botnen. Denne køppen sette kopparen på huda, og so saug han på tuten. Dermed dreiv lufttrykket opp ein forhøining der køppen hadde stade. På denne sette han so høggebiten. Det var ei liten maskin med fleire små ~~kniv~~ tynne knivblad i, slik innstilte at når han løyste dei ut, hogg dei ei liten spalte i huda. Gjennom desse småspaltene saug han so blodet opp i køppen.
 44. Dei kjøpte ikkje iglar på apotek, men det er fortalt om at sume fann iglar.
 45. Ein av dei mest kjende bygdelækjarane stemnde blod.
 46. Bygdelækjarane hadde ikkje spesialistert seg på ~~n~~ visse sjukdomar.

- 47. Medisin og instrument gøymde dei i læste skåp og kister.
 - 48. Høggebiten og kjøppen hugsar eg ein kjøppar hadde i eit lite skrin han bar på. Det var ved 1900 talet.
 - 49. Nokon bøker med råd for sjukdomar hadde dei nok ikkje.
- 50-53 går då ut.